

**KONTROLLUTVALET I
STORDAL KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 19. september 2018, kl. 14.00

Møtestad: Stordal Rådhus

Møtet vart leia av: Jonas Falch

Elles til stades: Vigdis Hove Øie, Reidun Torpe Langhaug og Roger Lillebø.
Jarle Hove hadde forfall.

= **4 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Kommunerevisjon3 møtte Knut G. Alnes. Frå Stordal kommune møtte Ordførar Eva Hove og økonomisjef Elin Amdam.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sak 11/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 23.05.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 23. mai 2018 blir godkjent.

Sak 12/18 - Rekneskapsrevisjon Stordal kommune 2017 – oppfølging av enkelttema.

Saksdokument datert 12.09.2018 frå kontrollutvalsekretariatet

Innstilling frå sekretariatet:

Kontrollutvalet tek rapporten til orientering.

Leiar Jonas Falch fremma på vegne av kontrollutvalet nytt punkt 2:

Kontrollutvalet ynskjer på neste møte ei orientering om bruken av kommunens sjølvkostfond.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek rapporten til orientering.
 2. Kontrollutvalet ynskjer på neste møte ei orientering om bruken av kommunens sjølvkostfond.
-

Sak 13/18 - Budsjettforslag 2019 – Stordal kontrollutval

Saksdokument datert 12.09.2018 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 45.000,-

Saka sendast over til rådmann for innarbeiding i kommunens budsjett for 2019 men står uendra til kommunestyrets budsjettbehandling, jfr Forskrift om kontrollutvalg i kommuner, § 18 budsjettbehandlingen.

Sak 14/18 - Orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.

Saksdokument datert 12.09.2018 frå kontrollutvalsekretariatet

Saka vart lagt fram utan innstilling frå sekretariatet.

Leiar Jonas Falch fremma på vegne av kontrollutvalet fylgjande forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Møtet vart avslutta kl. 15.00. Neste møte er avtalt til 28. november 2018, kl. 14.00, Stordal Rådhus

Jonas Falch
Leiar
(sign)

Roger Lillebø
Nestleiar
(sign)

Vigdis Hove
Medlem
(sign)

Reidun T Langhaug
Medlem
(sign)